

nordhordland

- Dagen krigen var slutt var som å vrenge av seg ein tvangstrøye

Olav Tvedt: 91 år, født i 1925, fortel om sitt livs kjærleik og dei enorme samfunnsendingane han har fått oppleve gjennom livet sitt.

Av LINN MERETE ROGNØ
Publisert 28. desember 2016



- Dagen krigen var slutt, var det som å vrenge av seg ei tvangstrøye. Eg fekk pusta igjen.
- Dei seier at det er ei kvinne bak alt, og det kan nok stemma. Eg var 18 år då eg møtte Mary. Me gifta oss då eg var 24 og ho 23. Så fekk me to små jenter, nå er dei begge bestemødre. Eg er oldefar til 11 stykk, og her går eg og stabbar framleis.

Me møter Olav Tvedt i omsorgsbustaden hans på Lindås. Han har mykje å fortelje om barne- og ungdomstida si. Gode minner, men noko som gjer meir vondt å snakka om. Livet i dag står i sterk kontrast til livet han levde som ung.

- Eg har vore med på ei vanvitig endring frå då til no. Eg kunne ha skriva ei heil bok om det, fortel Olav.

Han kjenner på ei ro som gjer at han får reflektera over det meste gjennom sine 91 år. Olav tykkjer at jo eldre ein vert, jo meir hugsar ein tilbake til yngre dagar.

Mary

Som den yngste av fem søsken vart Olav født i Leirvik på Stord. Han myst både mor og far då han var 10 år, då var det dei eldre syskena som tok seg av han. Då han var 18 år, flytta Olav til tanta sin gard på Skauge i Lindås, han byrja jobba som dreng. Det var krig i landet, og livet var hardt. Ungdomstida handla om å arbeida for å overleva. Men mellom alt som var vanskeleg, var det likevel lyspunkt som gjorde livet verdt å leva.





LIVSLANG KJÆRLEIK: Olav møtte kona Mary då han flytta til Skauge i ungdomen. Her er han 21 år, og ho er 20 år. FOTO: Privat

- Eg fekk mange gode vener på Skauge, for under krigen søkte ungdom meir ilag, ikkje berre i ungdomshuset, men også utandørs i vegryssset med Sævrås. Då me fann på kjeke ting, var me ikkje så stornøgde. Me prata og skøya, nokon dansa og spelte trekkspel.

Så vart han kjend med ho som skulle verta hans livs kjærleik. Mary. Olav finn fram eit bilete av dei to. Han var 21, ho var 20.

- Mange syns at det er eit fint bilete. Når ein kan sjå kor forelska me var, då er det fint. Eg må seie at eg var veldig glad i kona mi. Om eg fekk gifta meg på ny, ville eg ha vald same kjerringa ein gong til!

91-åringen tenkjer at mange tek for lett på eit partnerskap i dag, og at terskelen er låg for å gå i frå kvarandre.

- Så får dei nye partnerar og plutselig tre-fire kull. Eg tykkjer synd om han som skal skriva slektsbok, det vert jo rein matematikk, humrar han.

«Du var visst glad når det myrkna, og kvelden gjekk over til natt. Du kvalte ein geisp då eg sa farvel, men eg skal koma att.»

FRÅ «MEN, EG SKAL KOMA ATT» AV ASLAUG LÅSTAD LYGRE

Mary døde for åtte år sidan, då hadde ho hatt Alzheimers i 16 år.

– Det er grusamt for dei som får det, men kanskje endå verre for dei pårørande. Det er døden som aldri tek slutt.

Fredden

Olav var 15 år då krigen braut ut. Dagen han hørte om det, sit framleis som støypt. Han og kameraten gjekk til framhaldskulen då kameraten spurte Olav om det eigentleg var skule i dag. «Har du ikkje høyrte det? Det er krig!». Då krigsfly flaug over skulen, klirra det i rutene, og elevane fekk gå heim att.

– Alle trudde at det skulle vara i toppen fem dagar, men det tok fem år, seier Olav.

Han ser ned i fanget sitt. Henda er folda. Livet vart prega av fattigdom, frykt og hardt arbeid. Dei skulle overleva, halde mat på bordet og betala skuld på huset. Det førte til eit heilt anna samhald enn det mange har i dag, trur Olav.

– Den gongen kunne ein gå spontant inn til naboen og sitja på torvkassen og berre prata litt. Hadde ein gått inn til ein nabo utan forvarsel og berre sete seg ned i dag, så hadde ein spurt kva som feilar han? «Har han vorte galen?».

«Eg gløymer aldri kor godt det var med skikkelig kaffi att etter å ha drukke på det surrogatgreiene!»

OLAV TVEDT

Etter ei grufull krigstid, kom omsider 8.mai, 1945. Krigen tok slutt. Olav beskriv dagen som himmel på jord:

- Det kjendes som å vrenge ei tvangstrøye av seg! Eg fekk pusta igjen, me var fri. Flagget fôr til topps. Me kunne henta radioapparata våre som tyskarane hadde lagra i fengselet, fortel han.

Det gjekk nokre år vidare med strenge rasjoneringar før livet vart som før. Ein sat pris på alt meir enn nokon gong.

- Eg gløymer aldri kor godt det var med skikkelig kaffi att etter å ha drukke på det surrogatgreiene! Ikkje hadde me hatt mjølk heller, berre noko skummamjølkk som var så seig og sleip at ein kunne nøsta han opp. Og så røykte me på tobakk som me dyrka sjølv. Me tørka blada på kokeplata og krasja det i hop med nevane. Då me drog det ned med pipa, kjendes det som om lungene ville vrenge seg, ler Olav.

Telefonen

Han hadde aldri kunna førestilla seg at han skulle få oppleve ei slik forandring gjennom livet sitt, både med folk og land.

- Mange gonger må eg klypa meg i armen slik me har det i Noreg i dag. Hadde dei høyrte før i tida om alt som kom til å skje i framtida, hadde dei trudd det var trolldom! Dei hadde sprunge og gøymt seg!, ivrar Olav.

«No vil dei avskaffa pengar og berre bruka kort, dei set med brett og snakkar med utlandet – dei ser til og med dei i andre enden.»

OLAV TVEDT

Han fortel om eit uttrykk dei brukte før i tida om ting som dei meinte aldri ville skje;» Det er like umogleg som å gå til månen!»

- Det siste eg høyrte no var at dei har funne ein ny klode som dei skal evakuera til når det ikkje fins meir på jorda. Då tenkte eg med meg at no har det kome så langt at det likna ingen verdens ting, ler Olav.

Han vaks opp då eitt øre var pengar ein fekk to karamellar for. Men ei av dei mest markante endringane i samfunnet frå han var barn og fram til i dag, er telefonen, syns Olav.

- På Leirvik måtte me gå på Telegrafan, bestilla nummer, gå i ein lydtett, polstra boks og ringa. Det var eit heilt kunstverk!

For 20 år sidan gjekk han på eit datakurs, men han syns det har vore vanskeleg å henga med på utviklinga sidan alt går så fort no.

- No vil dei avskaffa pengar og berre bruka kort, dei set med brett og snakkar med utlandet - dei ser til og med dei i andre enden! Eg angrar på at eg ikkje tok meir datakurs i 70-åra mine, men eg trudde jo aldri eg kom til å leva så lenge, smilar han.

I dag

91-åringen er samstundes glad for all utviklinga som har førekome alle desse åra, og han trur at dei unge i dag ikkje anar kor godt dei har det.

- Her i Noreg har me det heilt eineståande! Det er mykje fin ungdom i dag som er greie å snakka med. Men det er også mange av dei unge som er altfor umedvitne på dette, fordi dei ikkje veit kor gale det var før. Eg unnar ikkje nokon å oppleva fattigdom som me gjorde under krigen, seier han.

«Her har eg det godt. Verkeleg godt.»

OLAV TVEDT


I omsorgsbustaden sin trivs han godt, han har ikkje angra eitt sekund på at han flytta hit.

- Her er det kjekke sjukepleiarar og heimehjelp, eg kan ringe dei når som helst om det er noko, seier han.

Han kikar ut vindaugget før han lågmælt legg til:

- Her har eg det godt. Verkeleg godt.



 [Feature](#) [Krig og konflikter](#) [Lindås](#)

Kommentarer til denne saken

0 kommentarer

E-POSTVARSLING

Linn Merete Rognø

Din kommentar...

[Debattregler](#)

KOMMENTER

Til toppen

nordhordland

Adresse: Kvernhusaugane 12. 5914 Isdalstø • Ansvarlig redaktør: Trond Roger Nydal •
Personvernpolicy / Informasjonskapsler • Redaktørplakaten • PFU •
nordhordland.no vert lagra regelmessig av Nasjonalbiblioteket. Nettsida vil bli gjort tilgjengeleg som
kildemateriale for forskning og dokumentasjon •
AVISA NORDHORDLAND COPYRIGHT © 2014 • Tipstelefon: 916 20 916 •
Sentralbord: 56 35 55 55